SULDAL KOMMUNE
Delegert sak

Arkiv	Sakshandsamar	Arkivsak/j.post
K2-K12	Torill Telstad	20/1476 2020045458

Søknad om dispensasjon for innsamling av plantemateriale i Hylsskaret og Øyno naturreservat i Suldal kommune

Samandrag
Dokkadeltaet nasjonale Våtmarksenter AS skal på oppdrag frå Statsforvaltaren i Rogaland gjere eit kartleggingsarbeid i Hylsskaret- og Øyno naturreservat i Suldal kommune. I den samanheng søkjer dei om dispensasjon til å samle inn plantemateriale.

Fakta
Dokkadeltaet nasjonale Våtmarksenter AS søker om dispensasjon for innsamling av materiale av karplanter, mosar, sopp og lav frå Hylsskaret- og Øyno naturreservat. Kartlegginga inngår i Miljødirektoratet sitt oppdrag for basiskartlegging i Rogaland i 2022. Formålet er «å styrke kunnskapsgrunnlaget i norske verneområde ved å fremskaffe presis stedfestet informasjon om naturvariasjon i verneområdene».

For å gjennomføre kartlegginga på ein nøyaktig måte, er det naudsynt å kunne samle inn materiale for en sikker bestemming av nokre arter. Tiltaket er bestilt av Statsforvaltaren i Rogaland som eit ledd i forvaltinga av verneområda. Kartlegginga er naudsynt for å kunne iverksette målretta tiltak, og følge opp effektar av tiltaka.

Verneforskriftene for begge verneområda sei mellom anna: «Det er forbode å fjerne plantar og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet». Forskriftene inkluderer ei liste over tiltak som er unntatt reglene, og ei liste over tiltak der en kan søke om dispensasjon frå forbodet. Tiltaket det er søkt om, er ikkje inkludert som unntak eller spesifisert som dispensasjonsgrunn. Søknaden må derfor vurderast etter § 48 i Naturmangfaldlova.

Lover, føresegner, rundskriv
Naturmangfaldlova
Forskrift om vern av Hylsskaret naturreservat (FOR-2020-11-27-2514)
Forskrift om vern av Øyna naturreservat (FOR-2020-11-27-2513)

Vurdering og konklusjon
For å kunne gi unntak frå vernevedtaket må tiltaket ikkje stride mot vernevedtakets

formål og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig, (jf. § 48 dispensasjon frå vernevedtak).

Formåla til naturreservata er å ta vare på område som representerer bestemte typar natur som er sjeldan for denne delen av fylket, og bevare skogtypar av internasjonal interesse. Det er eit mål å behalde verneverdiane mest mogleg urørt, og eventuelt vidareutvikle dei, både som naturtypar, økosystem og enkelte arter. Reglane er eintydige med forbod mot øydelegging av vegetasjon.

Tiltaket omfattar kartlegging av naturtypar etter NiN-systemet, og vil inkludere et behov for å samle inn materiale for sikker identifisering. I og med at heile eller delar av individet blir fjernet frå området, vil tiltaket kunne ha en negativ effekt på bestanden. Raudlista artar vil krevje særskilt omsyn. Sjølv om dei negative effektane er kortsiktige, så vil det kunne påverke bestanden. Dette gjeld spesielt for sterkt trua (EN) og kritisk tura (CR) arter. Det er derfor viktig at innsamlinga blir vurdert opp mot populasjonens evne til å overleve, og at det ikkje blir tatt belegg dersom innsamlinga har negativ effekt på populasjonen.

Det blir vurdert at kunnskapsgrunnlag, jmf § 8 er tilstrekkeleg for å fatte vedtak. Dette gjelder særskilt vanlege arter der tiltaket vil påverke bestanden i svært liten grad og berre for ein kort periode. For vanlege arter så vil ikkje tiltaket være i strid med formålet med vernet eller påverke verneverdiane.

For sjeldne og raudlista arter, er kunnskapsgrunnlaget dårlegare. I slike tilfelle er det naturlig å vurdere føre-var-prinsippet, jf. § 9. For arter som er sterkt trua og kritisk trua, vil fjerning av enkelte individ påverke ein større del av bestanden. Det er viktig at den naturlege bestanden består så langt som mogleg i sitt naturlege element utan å påverke genetisk mangfald, jf. § 5 forvaltningsmål for arter. Ein reduksjon av bestanden vil kunne påverke arten si utbreiing og moglegheit for formeiring i naturlege habitat, jf. §10 total belastning og økosystem tilnærming. Samtidig er det viktig for forvaltning av dei same artane at vokse stad blir registrert. Som eit ledd i føre-var-prinsippet, så blir behov for kunnskap om trua artar og behov for å ivareta desse naturlege bestandane sett opp mot kvarandre. Suldal kommune vurderer at ein kan gje løyve gjennom å gje vilkår for innhentinga (jf. §12 miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder), slik at tiltaket ikkje strider mot formålet med vernet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig.

Innsamlinga må skje skånsamt, og utan å øydelegge substratet belegget er henta frå. Til dømes må ikkje bark eller vegetasjonsdekket på styva trær øydeleggast. Det er ei forutsetning at det er kyndig fagbiologer med kjennskap til de aktuelle raudlista artene som gjennomfører innsamlingane. Kartleggerane må være kjent med vilkåra i løyve.

Av omsyn til dei trua artane, er det viktig at innsamlinga av belegg berre skjer der det er ein absolutt forutsetning for sikker identifikasjon og kor arten vurderast som relevant i forhald til oppdraget. Det er viktig at kvar enkelt kartleggar oppdaterer seg på kunnskap om trua arter som ein kan finne i området. Det skal berre tas belegg der det er forsvarleg av omsyn til populasjonens berekraft, jf. § 10 total belastning, og ved usikkerheit på dette punktet, skal føre-var-prinsippet, jf. § 9, praktiserast.

Innsamlinga skal så langt som mogleg ikkje fjerne heile individ frå området. Ein skal forsøke å nytte andre metodar for dokumentering, f.eks. fotografering. Løyve legg til

grunn ei bevisst innsamling, og det er ikkje opna for å samle duplikat av ein art frå eit verneområde. Det er ikkje opna for masseinnsamling av materiale frå karplanter, mosar, sopp eller lav for å søke igjennom dette og sjå kva som dukkar opp i etterkant. Innsamlingane skal være målretta mot enkelte individ.

For å forsvare innsamlingane er det viktig at alt materiale blir bestemt og levert til museumsherbaria. Dette gjelder uavhengig av kva for status arten har, og vanlege arter skal registrerast. Alle funn skal registrerast på «Artsobservasjoner».

Ved å gjennomføre tiltaka etter vilkåra satt i løyve, vurderer Suldal kommune at begge krava for å kunne gi løyve er oppfylt, jf. § 48 første ledd i naturmangfaldlova.

Suldal kommune gir dispensasjon til Dokkadeltaet Nasjonale Våtmarkssenter AS for å samle inn materiale frå karplanter, mosar, sopp og lav, etter vilkår i Hylsskaret naturreservat og Øyno naturreservat. Løyve er gitt til tilsette i Dokkadeltaet Nasjonale Våtmarkssenter AS som er aktive deltakarar i basiskartlegginga av verneområde i Rogaland 2022

Vedtak:
Suldal kommune gir, med heimel i naturmangfaldlova § 48, dispensasjon frå verneforskriftene for å samle inn materiale av karplanter, mosar, sopp og lav, i Hylsskaret naturreservat og Øyno naturreservat. Dispensasjonen blir gitt på vilkår for å sikre korrekt arts bestemming der det er naudsynt og vurderast som relevant for gjennomføringa av kartleggingsoppdraget. Dispensasjonen vil gjelde fram til 31.12.22.

Vilkår:

- Innsamling av materiale gjeld artsgruppene karplanter, mosar, sopp og lav.
- Løyve gjeld for fagbiologer hos Dokkadeltaet Nasjonale Våtmarkssenter AS i samanheng med deira oppdrag; kartlegging av naturtypar etter Natur i Norge i seks verneområde i Rogaland fylke.
- Kvar kartleggar skal ha tilstrekkeleg kunnskap til vilkåra i løyve.
- Kartleggar plikter å sette seg inn i kva for raudlista arter ein kan finne i områda.
- Innsamling av trua plantemateriale berre gjennomførast når det er ei absolutt forutsetning for sikker identifikasjon, og det er forsvarleg av omsyn til populasjonens berekraft.
- Løyve opnar berre for innsamling av ei avgrensa mengd materiale, dersom det ikkje lar seg bestemme i felt.
- Det skal ikkje fjernes meir av individet enn det som er helt nødvendig for arts identifisering.
- For karplanter skal en forsøke å finne alternativ måte å dokumentere belegget på, t.d. ved fotografering.
- Ein skal unngå å samle inn duplikat av same art i kvart verneområde.

Sand, 16.05.2022